

# Den krigen kommunane vann

Krigen var ei vond tid. Søstra mi mista for eksempel ein pose karamellar i steinura i ei vegskråning. Den blei ikkje funnen att før etter krigen, og då var ikkje karamellane etande lenger. Dessutan hadde søstra mi vakse frå karamellar. For eg som er laga i fredsåret, var denne historia i heile barndommen det klaraste inntrykket av kor vanskeleg det hadde vore under krigen.

## Sjølbedrag og samhald

Etter krigen reiste kommunane minnesmerke over dei som hadde falle. Når ein rekna litt grovt, var det så mange at kvar kommune kunne få ein bauta med ei anstendig namneliste. Derfor var det gode år for bilete- og steinhoggarar til langt fram på 50-talet.

Jugoslavvar, russarar og engelskmenn må ha sett litt undrande på dette landet oppe i nord som hadde

vunne krigen. Frå den europeiske krigsarenaen fortønte situasjonen seg litt underlig. Men dette heroiske sjølbedraget var landets lykke: Små øydeleggingar og få falne, og samti-

## UTANFOR

## DAGSORDEN

### Andreas Hompland

dig nye vegar, jernbanar og flyplasar, og så likevel denne nasjonale enigheta om at vi hadde lidd så mye at alle måtte ta eit felles løft for gjenreising. Få land fekk med så små offer så mange mytar og så nye nasjonal samforstand ut av krigen som Norge.

## Omskriving og filmkritikk

Ein skal vera forsiktig med å spå

med alvorlige ting og alvorlige tider. Sjølsagt var krigsåra ille. Etterkrigsbarn bør visa respekt, men etterkrigsbarna kan også sjå andre sider. Og nå er vi i fleirtal. Vi er også i fleirtal mellom dei som skriv historia. Og all historieskriving er samtidig omskriving.

Eg har set jubileumsfilmen frå Norske Kommuners Sentralforbund. Eg skal ikkje gje meg ut på filmkritikk, sjøl om ordføraren følte seg beføya til å seia frå på førehand til dei som såg filmen, om at han var ganske symbolsk og kunstnarisk og ikkje heilt lert å få tak på.

Men åra glei jo framover på eit vis i filmen, med Helge Seip som cicerone etter kvart. Kraftverka i 20-åra blei dyre, arbeidsløysa stor og kommunegjelda tung. Så kom krigen med skrek og gru, øydelegging og

mørke år for kommunane — og deretter løfta alle gode krefter i flokk og gjenreisinga kunne ta til.

## Ei kommunal lykke

Det er jo ei både sørgelig og vakker fortelling, men dessverre heller falsk. Krigen var ei vond tid, men han var ei lykke for mange kommunar.

Sjølsagt var det strid om tipopulære NS-ordførarar og nyordning av kommunalt styre. Det var strid om kven som skulle styra, men mindre om kordan det skulle styrast. «I svært mange tilfelle gikk... det kommunale liv sin rolige og relativt friksjonsløse gang gjennom alle krigsåra», skriv historikarane når dei skildrar norske kommunar gjennom 150 år.

Kommunane fekk fleire tilsette under krigen. Sysselsettinga auka med 25 prosent. Mye av det var for-

syning og rasjoneringsteneste, men ikkje bare det. Skuleverk og kommunale tenester blei også bygd ut.

## Blanke regneark

Men først og fremst avskaffa krigen to kroniske plager frå mellomkrigsåra — to plager som kommunane lei vondt av: Arbeidsløysa og gjeld. Kommunale bokhaldarar hadde gode år: Inntektene steig, gjelda blei nedbetalt og bankinnskota blei større. Sjøl om det var ekstrautgifter og mye ugjort å ta fatt på, er det eit faktum at gjeldsreduksjonen under krigen ga kommunane ein handlefri- dom som kommunestyra bare kunne drøyme om i mellomkrigstida.

Kommunane la rett og slett grunnlaget for ekspansjonen i etterkrigstida i krigsåra. Dei kunne begynna å fargelegga den nye arbeidsdagen på blanke rekneark.

105154